

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 2535/2000/EF

2002/EØS/12/24

av 17. november 2000

om endring av vedlegg I til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 2391/2000⁽²⁾, særleg artikkel 6, 7 og 8, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90 må det gradvis fastsetjast maksimumsgrenser for restmengder av alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon.
- 2) Maksimumsgrenser for restmengder kan først fastsetjast etter at Utvalet for veterinærpreparat har granska alle viktige opplysningar med omsyn til om restmengder av det aktuelle stoffet er skadelege for forbrukarane av næringsmiddel av animalsk opphav, og med omsyn til kva innverknad restmengdene har på den industrielle foredlinga av næringsmiddel.
- 3) Når det skal fastsetjast maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparat i næringsmiddel av animalsk opphav, må det gjerast greie for kva dyreartar slike restmengder kan finnast i, kor store restmengder som kan tillatast i kvart av dei aktuelle kjøtveva frå dyret som er handsama (målvev), og kva type restmengd som skal kontrollerast (restmarkør).
- 4) Når det gjeld kontrollen av restmengder i medhald av regelverket til Fellesskapet på dette området, bør maksimumsgrensene for restmengder vanlegvis

fastsetjast for målvev i levra eller nyrene. Levra og nyrene vert ofte fjerna frå skrottar i internasjonal handel, og difor bør det òg fastsetjast grenseverdiar for muskel- eller feittvev.

- 5) Dersom veterinærpreparat skal tilførast eggleggjande fjørfe, dyr i laktasjon eller honningbier, må det òg fastsetjast grenseverdiar for egg, mjølk eller honning.
- 6) Prednisolon bør førast opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90.
- 7) Det bør fastsetjast ein tilstrekkeleg lang frist før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere naudsynte tilpassingar i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av rådsdirektiv 81/851/EØF⁽³⁾, sist endra ved direktiv 93/40/EØF⁽⁴⁾.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for veterinærpreparat —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Ho skal nyttast frå 60. dagen etter at ho er kunngjord.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 17. november 2000.

For Kommisjonen
Erkki LIIKANEN
Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 291 av 18.11.2000, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 67/2001 av 19. juni 2001 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 44 av 6.9.2001, s. 11.

⁽¹⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 276 av 28.10.2000, s. 5.

⁽³⁾ TEF L 317 av 6.11.1981, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 214 av 24.8.1993, s. 31.

VEDELEGG

I vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert følgjande nye stoff sett inn:

- 5. Kortikoider
- 5.1. Glukokortikoider

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Prednisolon	Prednisolon	Storfe	4 µg/kg 4 µg/kg 10 µg/kg 10 µg/kg 6 µg/kg	Muskler Fett Lever Nyrer Melk»	